



ALVER

K O M M U N E

Innspel til kommuneplanen sin arealdel

Innsendt	11.09.2022 20:27:59
ReferanselD	ALV0039-1044146
Innsendar	
Innspel til <input type="checkbox"/> planprogrammet <input checked="" type="checkbox"/> arealdel	
Innspel på vegne av <input checked="" type="checkbox"/> Privat person <input type="checkbox"/> Verksemd	
Privat person	
Namn Rune Martin Ryland	
Adresse Georgernes Verft 17	
Postnr/sted 5011 BERGEN	
Mobil 93034187	
Epostadresse rmryland@gmail.com	

Arealdelen

Generelle innspel til arealdelen

Generelle innspel

Egedsopplysningar (viss aktuelt)

Gards- og bruksnummer

217/60

Ønskja framtidig tiltak/arealføremål

Skildring

Hei.
Underteikna er eigar av gbnr 217/60 på Romarheim. Tomta vart etter godkjenning fra Lindås kommune frådelt frå bnr 2 i 1995, frådellinga var ein del av jordskiftesak 5/1993 ved Nord- og Midthordland jordskifterett. I målebrevet står det at "Parsellen skal nyttast til hyttetomt". At dette er ein fritidseigedom er vidare bekrefta av kommunen i 2009 då naustetomt 217/74 vart slått saman med bnr 60.

Ved det som eg vil tru har vore ein feil er bnr 60 på eit eller anna tidspunkt blitt sett i samanheng med

tomtedelingsplanen for bustader som tidlegare var gjeldande for bnr 56, og tomta havna i området for bustader. Eg har ei utskrift av plankart for området frå 2007 som viser dette. Dette vart også oppdaga av far min, Norvald Ryland, tidlegare eigar av både bnr 2 og bnr 60, og eg veit han tok kontakt med kommunen for å freiste å endre dette, utan hell. Tomta vart utskild som fritidstomt og grensa då til dei andre fritidstomtene vest for tomta.

I siste endring av arealplanen vart område for busetnad på bnr 56 gjort om til LNFR, bnr 60 vart då også "flytta" med til LNFR.

I plankartet står det no for bnr 60:

"5100 LNFR areal for nødvendige tiltak for landbruk og reindrift og gardstilknytt næringsverksemd basert på ressursgrunnlaget på garden"

Dette gjer inga meining då bnr 60 ikkje er ein del av nokon gard, men ei sjølvstendig tomt for fritidsbusetnad.

Underteikna er også eigar av bnr 43, der eg no har fått byggjeløyve for fritidsbustad. Eg er også interessert i at bnr 60 i framtida kan ha verdi som fritidsbustad, for mine etterkomarar eller andre. Tomta har veg og tinglyste vegrettar. Det er også tinglyst rett til å knyte avløp frå tomta til eksisterande avløp i området.

Eg bed med dette om at gbnr 217/60 på Romarheim vert innlemma i det i vest tilgrensande området for fritidsbusetnad i arealplanen, då det er klart at bruk som fritidseigedom var hensikta både frå tidlegare eigar og kommunen då parsellen vart frådelt i 1995, og også då naustetomt 217/74 vart slått saman med bnr 60 i 2009.

Med venleg helsing
Rune Martin Ryland

Eventuelle vedlegg
Vedlegg
Vedlegg 217-60 innpel arealplan.pdf